

Årsmelding

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

2018



Foto: Alf Erik Røyrvik

Verneområdeforvaltar
Alf Erik Røyrvik

1. Generelt

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009, og det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011. Verneområdet er på 394 km², og ligg i kommunane Gloppen, Naustdal, Jølster og Førde.

Styret

Det vart konstituert nytt styre for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet i 2016. Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015 vart det oppnemnt nye representantar frå kommunane og fylkestinget. Det nye Naustdal-Gjengedal verneområdestyre konstituerte seg på styremøte 11.mars 2016.

Det nye verneområdestyret for perioden 2016-2019 ser slik ut:

Verv	Namn	Represeinterer	Vararepresentant
Leiar	Håkon Myrvang	Naustdal kommune	Annlaug Birkeland
Nestleiar	Oddmund Klakegg	Jølster kommune	Ragnhild Sæle
Medlem	Iris Loftheim	Førde kommune	Liv Løken
Medlem	Leidulf Rygg Bogstad	Gloppen kommune	Gunvor Sunde
Medlem	Gunhild Berge Stang	Fylkeskommunen	Erlend Haugen Herstad

Styret har hatt tre styremøte i 2018. Alle var fysiske møter; eitt i Naustdal, eitt på Sandane og eitt på Jølster. Totalt har det blitt handsama 18 formelle styresaker i desse møta.

Verneområdeforvaltaren har delegert mynde til å fatte delegerte vedtak i kurante saker, etter visse retningslinjer. Dette gjeld dei aller fleste søknader om motorferdsel, mindre byggesaker og organisert ferdsel. I 2018 har verneområdeforvaltaren handsama 12 saker med delegert mynde.

2. Saker

Talet på saker i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet er på eit lågt til middels nivå samanlikna med andre store verneområde. Saksmengda gjekk ned dei første åra, sidan ein fekk på plass fleirårige løyver for årvisse transportbehov. No ligg saksmengda på eit stabilt nivå. Dei fleste vedtakssakene er motorferdselsaker, men det vert og handsama nokre bygge-/inngrepssaker og ein del administrative saker. Motorferdselsakene er som regel kurante og vert handsama med delegert mynde. Enkle byggesaker er ofte kurante og, medan meir kompliserte og omfattande bygge- og inngrepssaker vert lagt fram for styret i styremøte.

Motorferdsel

Her er dei løyva til motorferdsel som har blitt gjevne i 2018. Alle løyva er gjevne med delegert mynde.

Søkjar	Type løyve	Føremål	Kor
Anders Neset	Helikopter	Transport av material til byggearbeid	Nesstølen, Naustdal
Anders Søreide	Snøskuter	Transport til hytte	Jardalen, Gloppe
Bjørn Årdal	Snøskuter, fleirårig	Transport til hytte	Årdalskupa, Jølster
COWI AS	Helikopter	Taking av vassprøver	Fire vatn/innsjøar i verneområdet
Eyvin Vonen skaugvoll	Drone	Filme og dokumentere landskap og kulturlandskap	Vonamarkja, Naustdal
Oddvar Helgås	Snøskuter	Transport av material til hytte/byggearbeid	Vona, Naustdal
Ryssdal Grunneigarlag	Snøskuter	Transport av material til kloppar	Ryssdalen, Gloppe
Søreide og Ryssdal beitelag	Snøskuter, fleirårig	Transport av saltstein	Jardalen, Gloppe

Nordfjord folkehøgskule fekk avslag på søknad om løyve til å bruke drone til å filme teltleir ved Storevatnet i Gjengedal. Saka vart handsama med delegert mynde.

Organisert ferdsel

Nordfjord folkehøgskule fekk løyve til å ha ein større teltleir ved Storevatnet i Gjengedal.

Byggesaker

- Anders Neset fekk løyve til ombygging/fasadeendring i samband med restaurering av selet sitt på Nesstølen i Naustdal. Fasadeendringa gjaldt montering av fleire vindauge. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Siv Gustavsen fekk løyve til ombygging/fasadeendring i samband med restaurering av selet sitt på Vonastølen i Naustdal. Fasadeendringa gjaldt bytte frå torvtak til platetak for å berge bygningen. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

Andre saker

- Administrative saker som prioritering av tiltaksmidlar, budsjett osb.
- Totalt fem referatsaker vart lagt fram for styret i løpet av året.

Besøksstrategi

Etter dialog med Miljødirektoratet og litt endring av dokumentet, vart besøksstrategi for Naustdal-Gjengedal LVO fagleg godkjent før høyring sommaren 2018. Strategien vart lagt ut på ei enkel høyring i løpet av hausten. Etter høyringa er innspela handsama i styremøte og endeleg versjon av strategien ligg no til godkjenning i styret.

Skjøtselsplan for støylsmiljøa

Studentane leverte sine framlegg til skjøtselsplanar for Dalsbøen og Arnestadstøylen/Fitjestøylen våren 2018. Oppgåvene var gode og gjennomarbeidde, og begge fekk gode karakterar. Verneområdeforvaltar fekk oppgåvene om hende i august.

Verneområdeforvaltar vil jobbe vidare med utgangspunkt i det arbeidet som studentane har lagt ned og presentert i oppgåvene, med sikte på å lage endelige skjøtselsplanar for støylsmiljøa.

3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Ålfotbreen landskapsvernombord, er det satt opp ein felles rekneskapsoversikt.

2018	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadars	Budsjett	Kostnadars	Budsjett	Kostnadars
Lønn og sosiale utg		693 822				
Drift forvaltar og knutepunkt		81 581				
Drift styre	170 000	112 068	90 000	81 845	80 000	30 223
Planarbeid	50 000	0	50 000	0	0	0
Tiltaksmidlar	884 000	751 824	564 000	443 509	320 000	308 315
Tot	1 639 295	704 000	525 354		400 000	338 538

*Naustdal-Gjengedal fekk 50.000 til planarbeid i 2018, som etter planen skulle brukast til kvalitetssikring av skjøtselsplanarbeidet (studentoppgåver). Det vart konkludert med at verneområdeforvaltar kunne gjere dette sjølv, og derfor vart ikkje desse midlane nytta.

Samanlikna med 2017, ser vi at vi har brukt meir midlar på dei fleste postane. Vi har fått meir tiltaksmidlar i 2018, og derfor brukt vesentleg meir. Styremedlemmane har vore flinkare til å sende inn krav om møte- og reisegodtgjersle, so det har gått meir til drift av styret.

Generelt kan vi seie at drift og bruk av midlar er innanfor rammer og budsjett og at vi har ei god økonomistyring.

4. Tiltak / bruk av midlar

Bruk av midlar:

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde fekk tildelt 564.000 i tiltaksmidlar i 2018. Desse vart nytta på følgjande måte:

Tiltak	Budsjett	Sum	Merknad
Skjøtsel Arnestadstøylen	10.000	9.000	Årleg skjøtsel. Siste året på treårig plan.
Utbetring av stien opp Geitabykset	250.000	291.564	Fleirårig tiltak- Arbeidet vil halde fram i 2019.
Stitiltak Arnestadstøylen	24.000	24.000	Siste året i ein treårig tiltaksplan.
Stien til Byrkjeneset	200.000	95.000	Fleirårig tiltak.
Reparere bru over Byrkjeneselva	50.000	18.813	
Stirydding Vonamarkja		3.100	Behov som dukka opp i løpet av året
Kloppar i Jardalen og Ryssdalen		2.032	Kjøp av skruar etc til montering.
Totalt		443.509	

Tilrettelegging:

Som vanleg vart dei fleste midlane nytta til tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv. Utbetring av stiane opp Geitabykset og langs Storevatnet er prioritert i besøksstrategi og har derfor blitt jobba mykje med. I tillegg er det gjort nokre mindre tilretteleggingstiltak etter lokale initiativ.

Tiltaka er gjort i samarbeid med grunneigarane, og sjølve utføringa er det enten grunneigarane sjølv eller tenesteleverandørar som har stått for.

Skjøtsel:

Arnestad grunneigarlag har gjennomført slått på Arnestadstøylen. Dette er eit årleg tiltak.

Informasjon:

Verneområdeforvaltar har starta på arbeidet med å bytte ut «løveskilt» rundt heile verneområdet. Dei gamle skilta skal byttast ut, både fordi dei gamle ikkje var av god nok kvalitet, men også for å bytte til ny design. Arbeidet vert utført av eigne ressursar og skjer utan bruk av tiltaksmidlar.

5. Rådgjevande utval

Rådgjevande utval er samansett slik:

Nils Magne Gjengedal (leiar)	grunneigar Hyen
Ole Gimmetstad	grunneigar Sandane
Svein Egil Svorstøl	grunneigar Naustdal
Lars Indrebø	grunneigar Førde
Inge Erikstad	grunneigar Jølster
Kjell Arne Hjellbrekke (nestleiar)	Sogn og Fjordane Turlag
Erik Solheim	Naturvernforbundet S&F
Erlend Aunevik	Nordfjord Folkehøgskule
Marita Lindvik	Reisemål Stryn & Nordfjord
Bjørg Kjos-Wenjum	Sunnfjord Næringsutvikling
Vidar Aa. Djupvik/Torger Eimhjellen	Førdefjella Villreinutval

Det står i vedtekten til verneområdestyret at det skal oppnemnast eit rådgjevande utval. Dette utvalet skal vere samansett av grunneigarar og ulike brukarinteresser, og det skal vere rådgjevande ovanfor styret. Utvalet vart først oppnemnt i 2012 og deretter rullert i 2015. Utvalet har hatt eitt møte i 2018, den 24.oktober på Skei i Jølster.

6. Forvaltar

Verneområdeforvaltar er Alf Erik Rørvik (busett i Hyen). Han vart vart tilsett 1. oktober 2011 og har verka i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Sandane, der han delar kontor med Statens naturopsyn sin oppsynsmann som er tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernombord.

Naturopsyn er Rune Holen (busett i Olden). Samarbeidet med SNO lokalt fungerer veldig godt. Vi jobbar mykje i team, både under planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak, tenestekjøp og i dei konkrete sakene som dukkar opp.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2018:

- 28.-30. mai, Utladalen, Samling naturmangfaldseksjonane SF og HO.
- 16.-17. oktober, Trondheim, Miljøfagkonferanse
- 26.-27.november, Myrdalen, Verksemgsplanlegging med Miljøavdelinga

Foredrag og liknande

- 1. juni, Foredrag/feltdag med klima- og miljøelevar frå Firda vgs
- 18. oktober, Innlegg om verneområdeforvaltning og Naustdal-Gjengedal på haustmøtet til Villreinnemnda i Sogn og Fjordane.
- 31. oktober, Foredrag om verneområdeforvaltning med meir for kommunestyret i Gloppen

Møteverksemd

- Avdelingsmøter, personalsamling og andre interne møter hjå Fylkesmannen.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Møter med fagpersonar i kommunane.
- Møter med organisasjonar og næringsliv.
- Møte med reiseliv/destinasjonsselskap.
- Uformelle møter med grunneigarar og andre.

Verneområdeforvaltaren og naturopsyn har vore på ein del synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming.

Verneområdeforvaltaren er tilsett hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Frå og med 2019 vil fylkesmannsembetet vere slått saman med FM Hordaland til Fylkesmannen i Vestland. Det vil verte nokre organisatoriske endringar for dei tilsette, men samanslåinga vil truleg ikkje påverke arbeidet som verneområdeforvaltar og sekretær for verneområdestyret i særleg grad.

7. Bilete frå 2018



Bilete 1. Rein på vinterbeite ved Dauremålsnibba.



Bilete 2 og 3. Byte av gamle og øydelagde «løveskilt» ved grensa til landskapsvernområdet.



Bilete 4. Utsikt frå Aastøysfjellet mot Dalevatnet, Storevatnet og fjella mellom Gjengedalen og Sandane.



Bilete 5. Utsikt frå Gjengedalsskaret mot Svostølen, stølsvatnet og Vonavatnet.



Bilete 6. Osmundnesskaret. Terrenget til venstre i biltetet vert overvaka som ustabilt fjell av NVE. Vi kan sjå at terrenget er fullt av sprekker og over lang tid har sige ut.



Bilete 7. Utsikt frå Reinekallen og innover mot Sandane.



Bilete 8. Nok eit parti med kloppar er lagt langs Storevatnet på stien som går frå Gjengedalsstøylen til Byrkjeneset.



Bilete 9. Klima- og miljøklassa frå Firda vgs saman med lærar under temadag om verna natur i mai.